



"Valestiftinga skal ha til føremål på ideelt og ikkje kommersielt grunnlag ta vare på, forvalta og utvikla natur og kulturhistoriske verdiar i noverande Valen skulekrins, til allmennyttige føremål, til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper."

Årsmelding 2011

Valestiftinga

Styret har det siste året vore samansett slik:

Even Heimstad, vara Ingrid Helland	
Synnøve Handeland, vara Karin Harsvik	<i>På valg</i>
Kristian Bringedal, vara Sissel Årseth	<i>2014</i>
Jarle Mehammer, vara Jorunn Avsnes	
Reidar Handeland, vara Rune Thorkildsen	
Sven Løkeland, vara Arnt Idar Teigen	<i>På valg</i>
Ove Tvedt, vara Jon Inge Brendeland	<i>2012</i>
Arnfinn Mølster, vara Kari Grete Sande	

Intern arbeidsfordeling 2011

Leiar: Reidar Handeland

Kasserar: Jarle Mehammer

Skrivar: Sven Løkeland

Søknader: Sven Løkeland og Reidar Handeland

Lov & rett: Synnøve Handeland

PR/Internett: Reidar Handeland

Valgkomité: Leiar og nestleiar

Ansvar/Arb.utval:

Kaien: Arnfinn Mølster, Even Heimstad, Rune Thorkildsen

Buo: Reidar Handeland, Sven Løkeland

Postvegen: Ove Tvedt, Arnt Idar Teigen, Jarle Mehammer

Turvegar/Stiar: : Sven Løkeland

Gamle Kraftstasjon: Reidar Handeland, Rune Thorkildsen, Jarle Mehammer

Møter og hendingar 2011:

- Utdeling av kulturpris og samling på Buo 16 januar 2011
- Styremøte 08.03.2011
- Årsmøte Valestiftinga 01.04.2011
- Vår-fest-i Valen. 2011. Maritim dag på kaien og Buo
- Museumstur til Roskilde 29. sept 2011
- Sparebank 1, utdeling av 75.000 kr
- Styremøte 22.12.2011



"Valestiftinga skal ha til føremål på ideelt og ikkje kommersielt grunnlag ta vare på, forvalta og utvikla natur og kulturhistoriske verdiar i noverande Valen skulekrins, til allmennyttige føremål, til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper."

Prosjekt og aktivitetar

- Kai og Bu
- Sanitæranlegg på kaien
- Postvegen
- Turvegar, stiar og rastehytter, "Brubyggjarane".
- Samarbeid med Kvinnherad Kystlag.
- Sjukehussamlinga
- Båtar og maritimt miljø
- Valestiftinga.no / Galtens venner
- Gamle Kraftstasjonen

Kai og Bu

Arbeid som står att på kaien er i hovudsak avslutning med skjørt på nordsida, samt lys i pålane. Det er ikkje utført noko vedlikehald sidan dekket vart lagt. Her må ein vurderer om dekket og skjørtet skal få seg eit par strøk med olje neste sesong.

Det har vore utført jevnt og godt dugnadsarbeid på Buo 2011. Vi har i hovudsak prioritert 1. etg med nymalt panel på vegger og i tak, vidare kjøkenkrok, omn og peis. Vatn er lagt inn til bua og avlaup er klart. Vi manglar no berre kobling til varmt og kalt vatn i kjøkkenkroken og kobling til 2 etg. Ein oppvaskmaskin av industritype er ønskjeleg på Buo, ikkje minst med tanke på utleige til lag og anna. Elektrisk opplegg med fordeling av kursar er på trappene, dette vonar me å ha på plass før sommaren. Tilskot til realisering av peis og pipe på Buo vart gitt av Fjelberg Kraftlag og Skarveland Bergen Group. Ei stor takk til dei! Med dette framstår Buo som ein flott samlingstad for bygda heile året.

Sanitæranlegg på kaien

Toalettløsning med "allmenn utforming" for kaien og Bua har hatt høg prioritet. Grunna konkurs for rørleggjarkontakten vår vart dette prosjektet vårt sterkt forseinka og dyrare enn venta. Vi fekk likevel klar ei toalettløsning då "litedassen" sto klar i november. Innreiing av det største rommet som er utforma for rullestolbruk vil ha høg prioritet utover i 2012. Ferdigfinansiering av toalettanlegget vart sikra med eit flott tilskot frå Sparebank1, Kvinnherad.



"Valestiftinga skal ha til føremål på ideelt og ikkje kommersielt grunnlag ta vare på, forvalta og utvikla natur og kulturhistoriske verdiar i noverande Valen skulekrins, til allmennyttige føremål, til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper."

Postvegen

Arbeidsgruppa har ikkje hatt møte i 2011. Ove Tvedt er Valen krins sin representant i Interesselaget Postvegen. Det er utført noko vedlikehald på heile vegen. Ny veg frå låven på Handeland til Handeland over Mula er ferdig opparbeid og grusa. Dette vert "Postvegen" som bind saman Valen og Skarveland krinsar. Vegen er skilta med postvegskilt som syner "fører til original Postveg", stipla ramme.

Interesselaget Postvegen og "Handeland og Valen gard" har hatt eit nært og godt samarbeid om dette prosjektet. Gardsvegen langs bøgarden mellom Handeland og Skytebana har og vorte vølt i 2011.

Turvegar, stiar og rastehytter, "Brubbyggjarane"

"Brubbyggjarane" er trufast i å utføra vedlikehald på eksisterande fasilitetar og å gjennomføra nye prosjekt. Rastehytta på Valøya er eit godt eksempel der det siste året er blitt utført arbeid for tilrettelegging for turfolk, både med omsyn til praktiske løysingar og nye fasilitetar. Kvar fredag med få unnatak er dei på farten. Dagsturhytta i Handelandsdalen, Lavvoen ved Fyrstikkfabrikken. Ved og brensel kjem til der dei fer fram og bidrar i kulturlandskapet. Mange nye prosjekt ligg føre.

Samarbeid med Kvinnherad Kystlag

Kvinnherad kystlag har i 2011 fortsett arbeidet med "Fjordmannsnaustet". Arbeid med naustet og leggjing av skifertak har tatt mange dugnadstimar. Fjordmann fekk ikkje sjøkjønning i 2011, men står no klar og nypussa for neste sesong. Me vonar me får til nokre gode prosjekt saman framover. Kystlaget har avtalefesta tilgang på bruk av Buo og Valekaien og me vonar at vi neste sesong kan vera saman om arrangement for å fremja kystkulturen på Valen.

Sjukehussamlinga

Arbeidet med sjukehussamlinga i 2011 har i det store og heile vore reint vedlikehald og omvisningar. "Museumsgruppa" utførte i september ein studietur til St.Hans sykehusmuseum i Roskilde. Ein svært vellukka og inspisierende tur som var sponsa av Kvinnherad kommune og Helse Fonna. Valestiftinga har og delteke i eit samarbeidprosjekt med Sunnhordland Museum, Hordaland Fylkeskommune/Arkiv for dokumentasjon av Valen sjukehus og pasienthistoria. Arbeidet er støtta av Norsk kulturråd og Helse Fonna. Arbeidet vil bli avslutta med eit psykiatri-historisk seminar på Valen i mars 2012. Valestiftinga vil inn til vidare vera engasjert i sjukehussamlinga med "museumsgruppa". Det er likevel no håp om at det både frå fagleg museumshald og helseforetak vil bli gjort tiltak for ei fastare organisering av ansvaret for samlinga.



*"Valestiftinga skal ha til føremål på ideelt og ikkje kommersielt grunnlag
ta vare på, forvalta og utvikla
natur og kulturhistoriske verdiar i noverande Valen skulekrins,
til allmennyttige føremål,
til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper."*

Båtar og maritimt miljø

Stiftinga har per dato hand om 5 båtar.

1. Kyrkjebåten som ligg lagra i Søsterheimsgarasjen. (Ventande prosjekt)
2. Nordlandsbåten som ligg lagra same stad. (Prosjekt)
3. "Ro-gleden" som vart overdratt til stiftinga etter Jan Tore Kolflåt. (Prosjekt)
4. Ei eka som ligg lagra i aluminiumsgarasjen (Prosjekt).
5. Ein plastbåt til bruk ved kaien. (Dagleg bruk)

Kommunikasjon / Galtens vener / Valestiftinga.no

"Galtens vener" har som føremål å ivareta gamle kulturminner og tradisjonar i Valebygda og er Valestiftinga sin medlemsorganisasjon. "Aksjebrev" blir kvart år lagt ut til salg som bevis på medlemskap. 100 "Galtebrev" vart seld i 2011.

Kommunikasjon om stiftinga og "Galtens venner" sine aktiviteter, har dei siste par åra vore gjort via ei eigen gruppe på "Facebook" der leiar informerer om kva som er på gang av aktivitetar. Gruppa har til no 88 medlemmer.

Heimesida til Valestiftinga har hatt kring 11200 besøk sidan oppstarten i april 2005. I 2011 vart det registrert nærare 1200 nye besøk. Vidareføring av eksisterande side og drifting av denne må vurderast.

Gml. kraftstasjonen

Eigen årsmelding for 2011 vert sendt til Hordaland Fylkeskommune. Sjå vedlegg.

Økonomi

Inntekter for stiftinga kjem gjennom søknader til offentlege og private instansar. Fjelberg Kraftlag, Skarveland Bergen Group og Sparebank 1 Kvinnherad har gitt oss handlefridom det siste året. I tillegg kjem Norsk Tipping med Grasrotandelen og sal av "Galtebrev". Kvinnherad Kommune og Helse Fonna har bidrege til "Museet".

Årsrekneskap 2011, sjå vedlegg.

Me takkar for all støtte i året som gjekk !

Styret

13.04.2012